


<b>Områdenavn: OPT67</b>	<b>Norheimsund -Belsen-</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	<b>Del av 12/1, 12/22 m.fl.</b>
Journalpost innspel:	Vedtak FSK		
Noverande planstatus:	Arealet har formål landbruk-, natur-, og friluftsområde i kommuneplanen sin arealdel frå 2006.		
Områdeskildring:	Området ligg i Belsen (område bak Mo auto), litt utanfor sentrum av Norheimsund. I dag vert området nytta til landbruksformål. Området er avgrensa i aust mot næringsområde på Sandven-Mo, elles grensar området til eksisterande landbruksformål.		
Innspel til ny arealbruk:	Offentleg formål – OPT67		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Tilrådd</b>		
Kart over innspel:			

Flyfoto over innspel:



		Konsekvensutgreiing		
Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens	
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no eller artsdatabanken.no.	L	0
	Jord- og skogressursar	Arealet ligg som anna jorddekt fastmark i arealressurskartet.	L	-1
	Kulturminne / fornminne	Det er ikkje registrert automatisk freda fornminne på staden.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Jordbrukslandskap med bratte skogsområder i sør	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Gode turmoglegheiter i området. Tiltak vil ikkje vere til hinder for utøving av friluftsliv.	M	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen	-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Område har vore kartlagd og deler av område ligg i 1:5000 års skredzone. Heile område ligg utanfor 1:1000 års skredzone	L&H : S2/K3
			M: S2/K2
			Ø&P: S2/K2
Ureining og støy	Tidlegare utslepp, støyande verksemd.	Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Førekomst av radon i grunnen.	Ikkje kjend område for radon.	L&H : S2/K2
			M: S2/K2
			Ø&P: S2/K2
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Sentralt område med god brannberedskap. Ny brannstasjon ligg like ved.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.	Det er ikkje stor riskiko for trafikkulykker i dette området. Det er lite trafikk inn til området og krysset er oversiktleg og med gode siktsoner.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Samlokalisering av landbruksområde, bustad, ulik aktivitet for organisasjonar.	Lokalisering av område for rusomsorg i nærleik til eksisterande bustad, ulike oranisasjonar (t.d. veteranbilkubb og mekke klubb for ungdom) og landbruksområde. Det er her eit ønskje om ei bemanna buform, det er vurdert at samlokaliseringa er akseptabel.	L&H : S3/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Plassering av eit område for rusomsorg bør ligge i nærleik til sentrumsfunksjonar samtidig som det ikkje bør kome i konflikt med aktivitet for barn og unge. Området i Belsen er eit område som passar både med omsyn til nærleik til sentrumsfunksjonar og for å unngå for stor konflikt med barn og unges interesser. Kvam herad ser på ein modell med bemanna boform for rusomsorg slik ein del andre kommuner har etablert, t.d. Vartun i Os kommune.

Kvam herad har tidlegar hatt ein bustadpolitisk handlingsplan, denne vart innlemma i samfunnsdelen ved rullering. Kommuneplanens samfunnsdel slår fast at kommunen skal ha tilrettelagte rimlege bustadformer for førstegongsetablerarar og andre som treng hjelp og rettleiing.

Kommunen har seinar utarbeidd ein utbyggingsstrategi for helse og omsorg (2017 – 2030), som inneheld ein strategi for framtidig utbygging for helse og omsorg. Når det gjeld butilbod for personar med psykisk lidningar og rusproblematikk, så skal Kvam vurderer å etablere ei ny struktur for personar med psykiske lidningar. Strategien slår fast at butilbod for personar med rusproblematikk primært skal vere enkeltbustader med oppfølging frå helsepersonall.

Ein forskingsrapport (Rapport IRIS – 2012/316) har sett på buform for rusavhengige, nokre av punkta som kjem fram i denne rapporten er:

- kommunen må ha tilstrekkeleg antall tilgjengelege bustader for rusavhengig (dei vert ofte utestengd frå det private markedet).
- Det bør vere eit differensiert butilbod etter kor i rusforløpet/karrieren at bebuar er i.
- Det bør vere eit tilstrekkeleg antalle spreidde bustader for dei rusavhengige som er i eit rehabiliteringsforløp.
- Konsentrasjonar bør haldast på eit minimum, men dei trengs for dei tunge rusmisbrukarane «som ikkje kan bu andre stader».
- Bustader bør lokaliserast slik at tenesteapparatet enkelt kan nå den enkelte bebuar slik dei skal på ein trygg måte.

Med arealet i Belsen, så ønskjer kommunen å etablere eit tilbod til dei som «ikkje kan bu andre stader».

Det vil kunne etablerast ein gangforbindelse mellom Belsen og næringsområde på Sandvenhagen-Mo for ein kortare gangforbindelse til sentrum. Eit estimat blir ca. 1,6 km gangavstand til sentrum.


Det går ei kraftline gjennom området som må leggest i jord ved utbygging av området.

Området er kartlagt med omsyn til skred. Området ligg utanfor 1:1000 års skred mens det tangerer 1:5000 års skred. Det er ikkje sannsynleg at området vil ligge i sikkerheitsklasse 3. Dette betyr at området ligg utanfor skredfare.



#### Framlegg til område i arealdelen (Kart)

Kartskisse som viser foreslått areal i kommuneplanens arealdel.



Ortofoto for område:

